

SOGNDAL KOMMUNE
v/Kommunalsjef Marit Hagevik
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Tilsyn - BARNEVERN

Vi viser til brev datert den 03.11.2015 der Arbeidstilsynet ber om å få tilsendt opplysningar. Arbeidstilsynet har mottatt frå dykk.

Føremålet med tilsynet

Arbeidsmiljølovens formålsparagraf er tydeleg på at ein arbeidsplass skal gje grunnlag for eit helsefremjande arbeidsmiljø, og at arbeidsgjevar og tilsette skal samarbeide for å utvikle det gode arbeidsmiljøet i tråd med lovens intensjonar.

Formålet og intensjonen med melding om postalt tilsyn – krav om opplysningar, vår dato den 03.11.2015, var å sjå om kommunen er i stand til sjølve å vareta plikten å sikre eit arbeidsmiljø som gjev ein meiningsfull arbeidssituasjon i tråd med arbeidsmiljølova § 1-1.

Oppsummering av tilsynet

I det postale tilsynet, vår dato den 03.11.2015 ba vi kommunen ved rådmann og vernetjenesta om å vurdere arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern.

Arbeidstilsynet har fått denne tilbakemeldinga frå kommunen (samandrag).

Samandrag frå vernetjenesta:

Vernetjenesta og fagorganisasjonane har hatt møte med arbeidsgjevar vedr. arbeidsmiljøet ved Sogn barnevern. Arbeidsgjevar har lagt fram konkrete tiltak for korleis kommunen ynskjer å løyse arbeidsmiljøproblema. Vernetjenesta skriv i si tilbakemelding at dei har tru på at dei framlagte tiltaka er gode og framtidsretta.

Samandrag frå leiinga:

Kommunen erkjenner at det er eit arbeidsmiljøproblem ved Sogn barnevern, og dei forventar å bruke heile 2016 for å lukkast i å betre arbeidsmiljøet i barnevernet. Det er lagt opp til eit nært samarbeid med dei tilsette i eininga som på sikt skal gje grunnlag for eit helsefremmende arbeidsmiljø.



Kommunen ynskjer også ein dialog/samarbeid med Arbeidstilsynet i samband med arbeidsmiljøarbeidet ved Sogn barnevern.

Arbeidstilsynet si vurdering:

Arbeidstilsynet har fått inntrykk av at kommunen og tilsette har ein plan for å gjenopprette integritet og verdigheit til alle i eininga, og som på sikt skal gje grunnlag til eit helsefremjande arbeidsmiljø som også resten av kommunen kan dra nytte og lærdom av.

Arbeidstilsynet vil ikkje ta ytterlegare initiativ i saka, men vi er opne for ein god dialog med kommunen når det er ynskjeleg. Så ta kontakt med oss undervegs.

Informasjon til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet, jf. arbeidsmiljølova §§ 6-2 sjette ledd og 18-6 åttande ledd. Vi har sendt ein eigen kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, skal arbeidsgivaren gi kopien til representanten for dei tilsette.

Har de behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og om regelverket på www.arbeidstilsynet.no og www.regelhjelp.no. De kan også kontakte oss på telefon 815 48 222. Dersom de har spørsmål til saka, kontakt sakshandsamaren, oppgi referansenummeret 2015/49418.

Med helsing
Arbeidstilsynet

Jan Petter Sæbø
tilsynsleiar
(sign.)

Oddvar Mikalsen
seniorinspektør
(sign.)

Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.

Kopi til:
verneombod Rannveig Husum

